

NYHETSBREV

JULI 2017

NORSahel

NORSAHEL HAR VÅREN 2017 INNFØRT METODEN HBB 2 OG GITT OVER 600 OPPLÆRING I DENNE METODEN.

I løpet av våren har NorSahel og partnerar i Mali ferdigstilt utviklinga av materiell for metoden HBB 2 og som første aktør satt denne ut i praksis i Mali! Vi bestemte oss for konsekvent å satse på denne metoden og det gir gode resultat allereie. Metoden er heilt ny utvikla og skal hjelpe nyfødde rett etter fødselen, difor kallar vi prosjektet «The Golden Minute».

NORSAHEL MED I DEN NASJONALE NYFØDD KOMITÉ

NorSahel har denne våren etablert seg sterkere enn noen gang i Mali. Nylig nådde NorSahel en ny milepæl ved å bli tatt opp i den nasjonal nyfødt-gruppen i Mali, ledet av Helsedirektoratet og Unicef.

Dette er annerkjennelse til arbeidet som blir gjort i Mali! Her er de store organisasjonene som arbeider med nyfødthelse og alle statlige organer på alle plan med. Blant de som er med er (ved siden av Helsedirektoratet og Unicef): WHO, US Aid, Legeforeningen i Mali, De største sykehus i Mali, m.fl.

DEI FØRSTE RESULTATA FRÅ NYFØDD-PROSJEKT ER KLARE!

Lege Mari Innerdal har no ferdigstilt ein artikkel frå prosjektet i Mali for det første året. Mari Innerdal er medlem av ekspertgruppa for prosjektet og har deltatt på fleire seminar i Dakar og kjenner partnerane i Mali godt!. Artikkelen byggjer på forskning og artikkelen har vorte vurdert av fleire framtreddende professorar både innad i vår eigen ekspertgruppe og utanom. Artikkelen viser svært gode resultat!

Artikkelen tek for seg første periode av prosjektet HBB i Mali i 2016 og Kati fylkessjukehus. Dette sjukehuset er på alle måtar grunnsteinen i prosjektet vårt i Mali. Samarbeide med dette distriktssjukehuset (som dekkjer 600 000) og leiinga her har danna grunnlaget for det vidare arbeidet. Sjefslege Ismael Simaga har vore på fleire seminar i Dakar og er ein veldig god samarbeidspartner.

Kort fortalt viser artikkelen at talet nyfødde som har fått pustehjelp har auka betydeleg etter at NorSahel starta opplæring og gav utstyr til sjukehuset. Vidare har antal nyfødde som dør og antall dødfødde gått tydeleg ned etter at opplæring og utstyr kom til sjukehuset. Sammenlikna med andre sjukehus som ikkje er omfatta av prosjektet er talet for Kati sjukehus svært gode!

Fleire nyfødde blir redda!

Artikkelen tek for seg fleire sider og vil bli publisert i tidskrift snart.

NORSahel

**SPRE KUNNSKAP
GI LIV**



Hølje Haugsjå på besøk på ei av fødestuene prosjektet arbeider i Mali i 31 mars 2017. Her ser vi ei mor med sitt nyfødde barn, jordmora og sjefen for helsesenteret.

Dagleg leiar sitt hjørne

NorSahel har no i 3 år arbeidd i Mali. Denne våren har vore den mest begivenhetsrike tida i NorSahel si korte historie. Vi har nådd fleire milepælar i vår, slik som ferdigstilling av den nye HBB 2 materiellet, utviding til to nye helse distrikt (til saman arbeider vi no i distrikt med meir enn 1,2 mill innbyggjarar) og to nye helsefagskular, medlem av den nasjonale nyfødte-komiteen for Mali, og sist men ikkje minst: vi har fått den første forskings-artikkel som viser at prosjektet har gjeve svært gode resultat så langt!

Når det gjelder det administrative har NorSahel tatt fleire grep i vår for å sikre god kontroll og effektiv styring av midlar ved å oppdatere og utarbeide betre retningslinjer og vi har gitt vår autoriserte regnskapsfører Unni Løken meir ansvar for økonomistyringa.

Samstundes er Mali på veg til å bli enno meir utrygt og stadig høyrer vi om uro i landet. NorSahel har ingen planar om å trappe ned. Tvert imot ynskjer vi å trappe opp arbeidet! Vi har veldig gode lokale partnerar og vi har god kontroll på midlane vi samlar inn og disponerer. NorSahel vil satse vidare i Mali! Mali treng oss meir enn nokon gong. Og maliske myndigheiter ynskjer tydeleg at vi skal bli. Fornynginga av autorisasjonen til å virke i Mali blei gjort på rekord-tid i mai. Og det utan ei krone under bordet.....

Vi elsker Mali og vil nå lenger med å bistå (i sann forstand) maliarane sjølve til å skape seg ei betre framtid i Mali! Bli med oss i dette! Fortsatt god sommar!

Kavlifondet øker støtten til nyfødteprosjektet!

Kavlifondet er NorSahel sin klart største donor for prosjektene i Mali og har gjort oss i stand til å etablere oss i Mali og utvikle prosjektet nyfødte/HBB i Mali! I juni 2017 leverte NorSahel en større rapport til Kavlifondet der vi redegjorde for siste års aktivitet med vektlegging av siste måneder. Kavlifondet godkjente og var svært fornøyd med rapporten. På grunn av høy aktivitet i Mali søkte vi i et konsept om en god del ekstrastøtte (i tillegg til den betydelige støtten vi har fra før) av Kavlifondet for året som kommer. Kavlifondet sin administrasjon har innstilt dette konseptet for støtte!



Laerdal Foundation støtter NorSahel

I april søkte Hølje Haugsjå og Ola Didrik Saugstad sammen til Lærdalstiftelsen (LF) om støtte til prosjektet HBB i Mali med spesiell vekt på forskning i Mali. LF mottar søknader fra enkeltpersoner, men knyttet opp til organisasjoner/institusjoner. Søknadssummen var 50 000 USD. LF så positivt på søknaden og valgte å gi oss hele summen, fordelt på halvparten hver. Vi har også et godt faglig samarbeid med Laerdal Global Health om opplæringene og i vinter gjorde de alt det grafiske arbeidet for utvikling av materiell for den nye metod



Sykkelprosjekt når lenger!

NorSahel sitt sykkelprosjekt har no siste året gått vidare til ein annan ungdomskule, Kokofata. I Tambaga har vi arbeidd i 4 år no med skulesyklar, i all hovudsak til jenter for å hjelpe dei til å gå på skulen og fullføre ungdomskulen. I år har vi byrja i ein nabolandsby, Kokofata. Her er elevtalet ca. same som Tambaga, men andel jenter var låg, også i forhold til Tambaga. Andelen jenter i ungdomskulen er berre ca. 20 % her.

Sykkelprosjektet går i kortekst ut på å gje ei jente i første året på ungdomskulen (tilsvarande norsk 8 klasse) ein sykkel slik at denne kan kome lettare til skulen og for å hjelpe henne å gå og fullføre ungdomskulen. I Mali er det fortsatt slik at mange jenter ikkje får skulegang eller ikkje fullfører ungdomskulen. Dette vil vi gjere noko med ved hjelpe fleire til skulen! Syklane har eit detaljert regelverk som er utarbeida i samarbeid med skulen, foreldre og lokale styresmakter. Regelverket kan du her: norsahel.no/regelverk/.

I India har styresmaktene gjennomført eit bistandsprogram i ein fattig delstat som nettopp gir syklar til ungdomskulejenter, med føresetnad at dei fullfører skulen. Programmet i India blir lovprist og har vist svært gode resultat (Sjå artikkel i Vårt Land 19 mai 2016). Her blir det også trekt fram at syklane hindrar overgrep mot jenter. Vi kjende ikkje til prosjektet i India då vi starta opp med skulesyklane i Tambaga. Men vi får same tilbakemeldingar som India-prosjektet. Jentene kjem meir på skulen og syklane gir dei meir sikkerhet.

Jentene blir utan tvil meir sjølvstendige med ein sykkel. Frå den nye ungdomskulen har vi no i det siste fått fleire tilbakemeldingar på at dette er noko som fungerer og som dei ynskjer å utvide til å gjelde mange fleire jenter og også gutar frå avsidesliggande landsbyar ber om hjelp. Frå Tambaga har statestikken vist ein klar vekst i andel jenter etter at vi byrja prosjektet. Over 300 elevar har fått syklar. Men vi vil hjelpe mange fleire.

Fleire spør oss: Kvifor kjøper vi inn guteskular til jentene?

Til det er det å svare: Vi har tenkt på problemet frå vi byrja med prosjektet. Det er berre «gute-syklar» som er tilgjengelege i Mali. Jentesyklar er vanskeleg å oppdrive, og dei som er å oppdrive er ulike dei modellane som er rundt i landsbyane, dermed er reservedelar umogleg å skaffe. Og endeleg: Vi ser at jentene lærer raskt å sykle med ein slik sykkel vi kjøper inn. Det viktigaste er at dei får ein sykkel! Les meir om sykkelprosjektet på www.norsahel.no

NORSahel



The Golden Minute

Seminar og partnernmøtet i Dakar

No i august arrangerer NorSahel for 3 gong seminar og partner-møte i Dakar, Senegal. Temaet for seminaret denne gongen vert: «Updated situation for new born/mother health in Mali and evaluation/lessons learnt HBB 2.0»

Seminaret vart halden i Dakar grunna sikkerhets-situasjonen i Mali. Når situasjonen er Dette er ei god løysing NorSahel og partnerar har gjort fleire gonger og som sikrar eit viktig partner møte og kunnskaps-utveksling mellom maliske legar og ekspertgruppa for prosjektet. Det er ein viktig arena for å styrke både kunnskapen og motivasjonen til maliske legar og nøkkelpersonar når det gjeld HBB(Helping Babies Breathe) 2 metoden. Programmet vil består av gode seminar-halderar frå både Norge og frå Mali, sjå programmet. Og dei norske deltakerane vil få eit godt innblikk i helsesituasjonen i Mali

Så mange som minst 7 legar vil bli tatt over frå Mali til Dakar for å delta. Dei representerer både helsedistrikta NorSahel arbeider i, heleregionane Koulikoro(dekkjer over 3 mill) og Bamako og Helsedirektoratet i Mali. I tillegg vil rektor frå jordmorskulen Bouctou, der vi arbeider, delta. Vi har også invitert Røde Kors i Senegal og Unicef/US Aid.

Blant seminarholderne er Ola Didrik Saugstad og Mari Innerdal frå Norge. Vidare vil fleire legar frå Mali holde interessante foredrag og gi oss oppdatert situasjon for barn/mor helse i Mali.

Seminaret er sponsa av i hovudsak Kavlifondet, men også av Laerdal Foundation og Universitet i Oslo.



INSPIRERANDE GÅVER!

Kjersti Fredriksen gav 60 årsgåve til nyfødd i Mali

I staden for gåve til seg sjølv gav Kjersti Fredriksen i Treungen alle gåver ho fekk på 60 års dagen til NorSahel sitt nyfødd-prosjekt. Kjersti fekk inn over 16 000 NOK til Mali!

Knut Haugsjå A/S sponser Mali

Firmaet Knut Haugsjå A/S gir 10 000 til Mali! Firmaet bestemte seg for å sponse NorSahel sine prosjekter i Mali og vi takkar for denne gåva og oppmuntrer andre firma til å vurdere det same.

Samla inn Spleis for nyfødd i Mali

Styremedlem og frivillig nettansvarleg i NorSahel Tahani S. Berge oppretta ein Spleis for Mali i april 2017 og samla inn på kort tid over 6000 NOK til nyfødd i Mali.

Tjørull elvefestival støttar Mali

Utendørsfestivalen som blir halden ved vakre Tjørull innsjø gav heile overskotet på 4 300 til prosjektet sykkel!




SPRE KUNNSKAP - GI LIV!

Giverkonto

2801.32.59889

merk Nyfødt eller Sykkel



Vipps 15556 el. søk Norsahel MERK Nyfødt Mali

www.Norsahel.no



Nyfødd-prosjektet



Sykkel-prosjektet



UiO : Det medisinske fakultet



Laerdal
helping save lives

